

Rosendal Musikklag, med fleire uskedelinger på laget, spelte seg lørdag til 15.plass i 3.divisjon i underholdningskonkurransen Siddis Brass i Stavanger. Det deltok 18 korps i divisjonen.

Rosendal og dirigent Torstein Hatlevik hadde valt ut eit svært så krevjande program til konkurransen. Sjølv om korpset ikkje spela opp mot sitt beste, var det dei presenterte godt gjennomført, og plasseringa fortel det meste om det høge nivået i konkurransen.

Manger Old Star vann 3.divisjon som i fjor. Kjekt var det å registrera at tidlegare dirigent i skulemusikken, Øyvind Nikolaisen, kom på ein flott fjerdeplass med korpset sitt, Hetlevik Musikklag.

Eikanger-Bjørsvik vann elitedivisjonen med eit tangoinspirert program. Dei vann føre Stavanger Brass Band som presenterte perler frå filmmusikken. Den store publikumsfavoritten Manger Musikklag hamna på 5.plass med sitt iøyrefallande program som bygde på svingande Youngblood-musikk frå USA. Dei to kyndige dommarane plasserte dei dermed ikkje så høgt på resultatlista som eit stort publikum ønskte.

Elles var det svært mange gode konsertprogram å høyra, og variasjonen i samansetnad var stor og spennande. Deltaking i ein slik konkurranse er utvilsamt svært inspirerande og utviklande for korpsmusikantane.

Av Thor Inge Døssland